



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Trine Haukås

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Odd Høydalsvik / 55516377	Vår referanse: 16/8423-4	Dykkar referanse: 15/2610 – 16/26243	Vår dato: 03.10.2016
------------------------------------	---	-----------------------------	--	-------------------------

### Kunngjering om 1. gang høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Eikhovden – Ostereidet – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 22.09.16 med framlegg til reguleringsplan for gnr. 233, bnr. 6 m. fl., Eikhovden på Ostereidet i Lindås kommune.

Planområdet er på om lag 38,1 daa og ligg på Ostereidet i Lindås kommune nær Ostereidet senter og Ostereidet skule. Området er i kommuneplanen avsett til bustadforemål. Hovudmålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for bygging av eine- og tomannsbustader innanfor planområdet. Det vert lagt opp til 22 einebustader og 3 tomannsbustader, med mogelegheit for sekundær bustadeining i 10 bustader. Totalt er det planlagt opp til 38 bustadeiningar i planområdet. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav om opprusting av Eidavegen med bygging av fortau fram til skulen for å sikre trygg skuleveg.

Statens vegvesen gav uttale til varselet om oppstart av planarbeidet i vårt brev av 19.01.16. I dette brevet fokuserte vi spesielt på sikring av eit godt tilbud til mjuke trafikantar frå det nye bustadområdet og fram til Ostereidet senter i tillegg til sikring av trygg skuleveg. I planframlegget er det vist bygging av fortau langs Eidavegen fram til skulen med rekkjefølgjekrav om bygging av fortau før utbygging i planområdet. Når det gjeld gang- og sykkelveg (fortau) vidare fram til Ostereidet senter er det etter det vi kan vurdere ikkje innarbeidd krav om sikring av denne strekninga på ein tilfredsstillande måte.

Rådmannen har føreslege eit rekkjefølgjekrav, sitat: «Gang- og sykkelveg mellom Ostereidet senter og Ostereidet skule skal fullførast langs heile strekninga eller vere sikra opparbeidd gjennom avtale med vegeigar før det vert gjeve bruksløyve til bustader i planområdet». Rådmannen meiner at det kan setjast opp ein avtale mellom kommunen, Statens vegvesen og utbyggarane om finansiering og gjennomføring av prosjektet som sikrar delfinansiering frå utbyggarane. Sjølv om ein på denne måten får midlar frå utbyggarane er det usikkert når

gang- og sykkelvegen mellom skulen og senterområdet vert bygd på grunn av store kostnader med ombygging av deler av vegen i tillegg til etablering av gang- og sykkelvegen. Dersom det vert gjeve igangsetjingsløyve på grunnlag av inngått avtale med sikring av midlar frå utbyggarar er det framleis usikkert om gang- og sykkelvegen mellom skulen og senterområdet er etablert før det skal gjevast bruksløyve for nye bustader i planområdet.

Med dette som bakgrunn meiner vi at framlegget til rekkjefølgjekrav frå Rådmannen om opparbeiding av gang- og sykkelvegen mellom Ostereidet senter og Ostereidet skule ikkje sikrar gjennomføring av tiltaket på ein tilfredsstillande måte og til rett tid. Rekkjefølgjekravet er heller ikkje innarbeidd i framlegget til reguleringsføresegner som er del av planframlegget.

Statens vegvesen vil be om at dette forholdet vert teke opp til ny drøfting slik at ein kan kome fram til ei løysing med eit rekkjefølgjekrav som er tilfredsstillande for alle involverte partar.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
Seksjonssjef

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN